

Gjeldende Vedtekter for Bømlo Bedehus,
organisasjonsnummer 916 530 900,
godkjent i 2 årsmøter,

27.03.2022 og 26.02.2023

Side 1 / 2

Vedtekter for Bømlo Bedehus

§ 1 – NAMN OG ORGANISASJON

Bømlo bedehus Org. Nr. 916 530 900 eig bedehuset «Elim».

Dette inneber at bedehuset sjølv eig foreininga sin formue, samt eigendelar og er ansvarleg for gjeld og andre forpliktelsar.

§ 2 – FØREMÅL

- Bedehuset skal brukast til all kristen verksemd og forkynning som er i samsvar med Guds ord og den evangeliske-lutherske lære.
- Alle lag og organisasjonar som arbeider innafor ramma av denne paragrafen har rett til å bruka huset.
- Bedehuset kan leigast ut til allmennyttige føremål, selskap og arrangement.
- All form for rus er forbode på huset sin eigedom.
- Eventuelle andre samlingar, saker eller problemstillingar skal takast opp i styret og/eller årsmøte med 2/3 fleirtal.

§ 3 – BRUK AV HUSET – STYRET SITT ANSVAR

- Sjå til at møter / tilstellingar ikkje kjem i strid med § 2 – FØREMÅL
- At huset blir brukt etter gjeldande lover og reglar.
- Forsvarleg forsikring på hus og eigedom.
- Utarbeide klare reglar for utleige - / lån og leigekostnad av huset og synleggjere desse lett for alle brukarar.
- Huset sin økonomi, den daglege drifta og eit forsvarleg vedlikehald.
- Gi framlegg om vedlikehaldsplanar og finansiering på årsmøte.
- Uteanlegg, som reinhald, snørydding, strøing, vask av huset (lønna og dugnad), innkjøp av driftsmidler og utstyr til heile huset.
- Organisering av dugnadsarbeid.
- Legge til rette for gode og varierte tilbod for alle aldersgruppe.

§ 4 – STYRET

- Styret kan ha inntil 10 medlemmer som må vera over 18 år og som er valde inn på årsmøte.
- Styret vel sjølv formann, nestformann, kasserer og sekretær av dei innvalde.
- Stemmeliikheit i ei sak gir formannen ei dobbeltstemme.
- Styremedlemmer blir valde for 2 år.
- Styret er vedtaksfør når minst 50% av medlemmer er til stades.
- Styret skal kunngjere årsmøtet og sakliste 1 mnd. på førehand.

Side 2 / 2

§ 5 – Årsmøte

- Alle over 18 år som er busett i bygda, eller har ei naturleg tilknytning til krinsen, har røysterett.
- Styret avgjer i tvister om enkeltpersonar har røysterett.
- Årsmøte skal haldast kvart år og innan utgangen av første halvår.
- Årsmøte skal kunngjerast i pressa og v/ oppslag på bedehuset 1 mnd. på førehand.
- Saker som skal takast opp må vere styret i hende 30 dagar på førehand.
- Ekstra-ordinært årsmøte kan krevjast innan 15 dagar etter første årsmøte.

§ 6 – ÅRSMØTE SKAL BEHANDLE

- Årsmelding
- Rekneskap
- Budsjett
- Val
- Andre saker som styret legg fram til avgjerd
- Gjere vedtak med vanleg fleirtal

§ 7 – VEDTEKTSENDRINGAR

- Framlegg om vedtektsendringar må vere styret i hende innan 3 mnd. før årsmøte.
- Vedtektsendringar skal gjerast på 2 årsmøter med 2/3 fleirtal unnateke § 2 – FØREMÅL, som ikkje kan endrast eller må ha 3/4 fleirtal over 2 årsmøter.

§ 8 – AVVIKLING

- Oppløysing eller deling av bedehuset skal takast opp på 2 årsmøter og i samsvar med vedtektsendringar.
- Det ordinære styret kan veljast som avviklingsstyre.
- Foreininga sin formue og gjeld skal tilfalla bedehuset.
- Eventuelle gjenståande midler skal brukast til vidare kristent arbeid eller nytt bedehus i bygda.
- Ved eventuell sammanslutning eller deling skal styret utarbeide ein plan for dette som skal godkjennast på årsmøte med 2/3 fleirtal.

Vedteke i årsmøtene

Dato: 27.03.2022

26.02.2023

Styret i Bømlø Bedehus

13.03.2023